

Status desember 2003

19 buskapar er sanerte no. Ein buskap skal avvikle og selja sine geiter til ein anna i prosjektet. Ein som skulle starte i vinter har hatt brann i fjøset og kan ikkje koma i gang før neste år. Tre gardar er klare til snapping no. Det er påvist svært få positive dyr. Men i to buskapar der vi ikkje hadde forventa det dukka det opp eitt dyr i kvar buskap. Slik vil det bli framover, det kan vi seia ut frå erfaring frå bl. a. Sveits. Vi vil prøva å gå litt lenger med desse før vi slaktar dyra. Det kan vera andre testar, eller ny test etter to-tre veker. Men dei må isolerast med ein gong, til nye svar ligg føre.

Prosent CAE-negative 2003

100% gjeld dei som har alle prøver negative på siste prøveuttak.
Nokon av dei har mange negative prøveuttak.

Prosent negative	Antall bruk
100	13
99	4
98	3
96	1
Mindre enn 50	4

CAE-påviste dyr 2003

Antall positive	Antall bruk
0	12
1	4
2	2
3	2
Meir enn 12	5

I tre buskapar utanfor prosjektet er det påvist berre negative dyr i haust. Alle desse har vore i kontakt med meg på ulikt vis. Det er dette som gjer at det blir litt fleire buskapar i tabellen. Dei som har mindre enn 50 % negative har berre teke oppstartprøve og skal gå i gang med snapping. Eg vil likevel gjera merksam på at det blir slakta nokon fleire dyr enn dei som får påvist CAE. Det gjeld særleg i oppstarten der det kan vera nokon som ligg litt høgare i verdi enn dei andre. Desse vil vi ofte ta ut for ikkje å risikere noko. Det viser seg på dei som vi testar opp att at dei fleste som er negative blir negative på neste prøve også, men vi tek ikkje sjansar akkurat på dei to fyrste prøvene. Mastittlaboratoriet i Molde har gjort ei undersøking av tankmjølk frå over 350 buskapar i haust. 53 buskapar var negative på tankmjølkprøve. Over 300 var altså positive. Dette var berre ei forløpig prøve og det vil bli gjort på nytt etter neste kjeing og då reknar vi med å sende svar ut att til alle. Men vi ser i alle fall at det er ein god indikasjon på at det er svært mykje CAE-virusmitte i geitebuskapane. Av dei som er negative på tankmjølk er alle som har sanert. Det var mange i Troms og i Sogn og Fjordane. I det sistnemnde fylket har dei fleste byllesjuke, så difor er det ikkje lett å koma vidare med sanering der i fyrste omgang.

Seminprosjektet

Dei foreløpige tala viser at det er store variasjonar mellom produsentane. Det er ikkje gode nok resultat jamt over. Difor er det nødvendig med meir utprøving før vi kan seia oss tilfreds med det. Vi skal ha eit telefonmøte saman med Team Semin no i desember for å diskutere kva som kan gjerast til neste år. Håpar å koma tilbake til det så snart vi veit noko meir.

Spørjeskjema

Vi sende i haust ut eit spørjeskjema til alle vi kjenner adressa til som driv med geit . Vi fekk inn 335 svar og det var tildels interessante svar. Viser litt av det vi fekk svar på nedanfor. Eg vil prøve å lage eit samandrag av resultatata og leggje på internett så snart råd er. Så fylg med der. <http://leine.no/htg>.

Interesse for sanering	
Høyr om prosjektet	310
Ikkje høyr om prosjektet	17
Interesse	187
Ikkje interesse	106
Planar diskutert	157
Har planer	40

Prisar på livdyr

For dykk som har vore med i prosjektet ei stund, er det ikkje så mykje nytt no. De må fylgje opp med prøvetaking. Og elles må de sjølvsagt vera like forsiktige med kontakt med andre geiter og geiteeigarar for å unngå smitte inn att. I tillegg kan det bli svært aktuelt med å selja livdyr til andre som vil sanere. De må tenkja litt på prisfastsetting. Det kan vera greitt å ta full pris hjå dei som har same vilkår som de har hatt, men dersom det er andre som ikkje får same tilskotet, kan det vera lurt å sjå litt på kva dei får, og om det ikkje er like viktig at vi blir kvitt fleire smitta dyr som å ta topp pris. Men det er opp til dykk sjølve og kjøpar å fastsetje denne prisen.

Pengar til sanering

Det som vi arbeider med no, er å få fram bakgrunnsmateriale til jordbruksforhandlingane til våren. Vi håper sølvsagt at forhandlingspartane vil gå inn for meir sanering. Vi har fått 500.000 til vidare kartlegging. Dette vil vi blant anna bruke i dei buskapane der det er lite smitte, for å prøve å skaffe mange som kan levere livdyr. Vi må også undersøkje forholda i buskarar der det er både sau og geit, særleg for å finne ut kor viktig sauene er som smitteberar for geit.

Planer for sanering hjå andre produsentar:

Det er stor interesse i Aurland. Der har dei laga planer fram til 2007. Vi hadde eit møte med dei og fylkesmann og SND i forrige veke. Det er stor velvilje på fylkesplan for dette tiltaket og dei vil antakeleg få støtte for å koma i gang, i påvente av at det blir meir pengar å få til våren. Som de ser er det også interesse mange andre stader. Ikkje minst det at det ikkje går an å skilje mædi og CAE på blodprøvetestar, gjer at kombinerte besetningar bør få sanert CAE så snøgt råd er. Vi må gjera meir der for å læra om korleis viruset oppfører seg i saueflokken.

Informasjon/inspirasjon

Det er behov for å spreie informasjon om sanering av desse sjukdommane. Vi som sit i leiinga av prosjektet gjer så godt vi kan, men vi merkar stadig at det er det som kjem frå praktikaren som blir lagt mest merke til. Vi håper difor at de bruker alle anledningar de har til å fortelje folk om dette arbeidet og korleis det har gått med dykk. Det fyrste møtet om geit eg veit om i det nye året, skal haldast på Hamar 5. og 6. januar. Der håper eg at nokon av dykk kjem.

Til slutt vil eg få ynskje dykk alle ei god jul og eit godt nyttår!

Det har vore svært triveleg å arbeide saman med dykk alle, i året som gjekk. Med så mykje pågangsmot og optimisme, må det berre gå bra både med geita og norsk landbruk.

Vang, 15. desember 2003

Nils Leine